

Odd Gunnar Skagestad:

Stadnamna, eigedomsretten og kulturarven

Helleland, Aftenposten og stadnamna våre

Kven er denne Botolv Helleland, som gong på gong fortel oss kva me skal meine om korleis stadnamna våre skal skrivast? Slik kan ein undrast, ikkje minst av di han for lengst har fått Aftenposten med på laget i styresmakt-ekspertisen sin strid mot lokale tradisjonar og sjølvråderett.

Det er ilter debatt om korleis norske stadnamn skal skrivast. Er dette noko som staten åleine skal bestemma, som forvaltar av kulturarven vår? Eller lyt staten ta omsyn til verdjar som eigedomsrett, slektskjensle, lokale tradisjonar og sjølvråde-ynskjer osb.?

Aftenposten sin kronikk 1. september, "Skal det hete Krogwold, Kroguold, Krogevold eller Krogvold?" tek såleis opp eit stridsemne som interesserar mange, serleg når det gjeld gardsnamn som ofte òg er slektsnamn. Her kan ein snøgt råka borti spørsmål som: "Skal grunneigaren eller det offentlege fastsetja skrivemåten av gamle stadnamn?", og: "Kan omsynet til stadnamnvern og sjølvveigardemokrati sameinast?"

Kronikkforfattarane er Ingvild Nordland og Botolv Helleland, som begge kjem frå stadnamntenesta for Austlandet og Agder-fylka. Om Botolv Helleland veit me òg at han sidan 1984 har vore ein av statens namnekonsulentar. Dette inneber tydelegvis at jobben hans m.a. har vore å verne om Lov om stadnamn, ei lov som vart vedteken i Stortinget 8. mai 1990 med tilslutnad frå alle partia med unnatak av Framstegspartiet.

Dette er ikkje fyrste gongen Helleland ytrer seg offentleg om desse spørsmåla. Sjå til dømes Aftenposten sine kronikkar 25. juni 2004 "Skrivemåten av stadnamn – offentleg eller privat sak?" og "Striden om stadnamna" 8. juni 2008, der han han målbar langt på veg dei same synsmåtane som han gjer ved dette høvet (no i lag med Ingvild Nordland).

Stadnamnlova og råderetten

Helleland sitt syn er at jamvel om mange av oss har eit gardsnamn som slektsnamn, og sjølv om mange ynskjer å ha råderett over namnet på eigedomen også i offentleg bruk, må

stadnamna forvaltast som offentleg eigedom. Attende i 2004 gjorde Helleland greie for kvifor det lyt vere slik – kva for omsyn som stadnamnlova tek sikte på å stette:

- Av di stadnamna fungerer som ei adressetavle i det språksamfunnet dei vert brukte i, må ein halde ein viss orden i ortografien – dette er ein del av føremålet med stadnamnlova.
- Det er likevel eit anna og overordna omsyn som ligg i botnen av stadnamnlova, nemleg kulturminneomsynet.

I 2008 gjekk Helleland til åtak på eit framlegg som leiaren i Stortinget si familie- og kulturnemnd hadde send til dåverande kulturminister Trond Giske. Dette framlegget, som hadde nemninga Dokument nr.8:58 (2007-2008), var ei oppmoding om å endra stadnamnlova slik at grunneigarar fekk vetorett i skrivemåten av namnet på eigedomen. Den gongen ordlagde Helleland seg lite grunn annleis, jamvel om budskapet hans var den same som i 2004: - *"Gamle stadnamn er heller ikkje noko som ein legg ut på sal saman med den eigedomen som ber namnet. Det er ein del av kulturarven og eit fellesgode. Å sikra dette har vore eit hovudmotiv for lov om stadnamn"*.

Ei brigde i stadnamnlova?

I Nordland og Helleland sin kronikk 1. september kan me no lesa at Kulturdepartementet har gjort framlegg om å endra stadnamnlova slik at grunneigaren får høve til å bestemma i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn, det vil seia namn på den einskilde eininga under ein gard (matrikkelgard). Det er dette framlegget som Helleland (i lag med Nordland) no blæs til strid mot. Saka vart send ut til høyring før sommaren med høyringsfrist 2. september. I høyringsnotatet gjer Kulturdepartementet uttrykk for at stadnamna er felleseige som samfunnet skal forvalte, at føremålet med stadnamnlova er å gje stadnamna vern og at virkemiddelet for vern er å fastsetja ein skrivemåte som byggjer på ei språkvitskapeleg og namnefagleg vurdering.

Men dette, seier kronikørane, *"synes uforenlig med at grunneierne skal bestemme over en så stor og helt sentral del av det norske navneverket"*.

Hovudbudskapet deira er vidare at stadnamna er viktige språklege kulturminne, og dei avsluttar med følgjande åtvaring: *"Vi frykter at den foreslåtte lovendringen vil bidra til å undergrave bruksnavnene som felles språklige kulturminner og gi signaler om at disse navnene er individets og slektens eiendom"*.

Kulturminne, identitet og mangfald

Kva skal me seia til dette? Dette handlar òg om identitet. Eit namn skrivt på ein måte som ein er fortruleg med og som ein kjenner som sitt, er meir enn eit namn. Det er eit symbol, og dersom dette symbolet får ein eller fleire bokstavar endra, kan det kjennast som noko er borte. Frå denne synsstaden synest det rimeleg at til dømes ein grunneigar får bestemma over namnet på eigedomen sin. Men i samhøve med stadnamnlova har ikkje grunneigaren rett til det. Føremålet med det framlegget som no ligg på statsråden sitt bord er nettopp å bøte på dette brotet på eigedomsretten.

Det er lett å seia seg samd i at stadnamna er viktige språklege kulturminne. Dei språkhistoriske, kulturhistoriske og busetnadshistoriske aspekta ved namna fortel ei soge om menneske, liv og verksemd attende frå alders tid. Opp gjennom hundreåra har stadnamna i hovudsak eksistert som munnlege skildringar og nemningar. Slik har dei gått i arv frå slektled til slektled, attgjennom tidene. Så kan ein seia, med Nordland og Helleland, at dei fleste av dei eldre stadnamna ikkje har kome til ved medviten "namnedåp", og at dei ikkje kan knytast til ein einskild opphavsperson. Men om så er? Skal dette tyda at dei andre namna – dei som har vore namnsette av ein bestemt grunneigar eller annan kjent opphavsmann - har mindre verdi som språklege kulturminne? Kulturminne er eit vidt omgrep, og det kan femna så mangt. Det fremste kjenneteiknet på ein rik kultur – ein kultur som er rik på tradisjonar og som samstundes er levande – er *mangfald*. Ein rik kultur bør vere så trygg på seg sjølve at han gjer plass for eigedomsretten og slikt yringsmangfald som eigedomsretten kan føra med seg.

Som siviliserte menneske lyt me saktens ha vørndnad for kulturminne-argumentet, men at kulturminneomsynet jamvel gjer det naudsynt for styresmaktene å handheva ei streng stadnamnlov, er underteikna – og mange med meg – langt frå overttydd om. Kulturminna våre går nok ikkje tapt enda om me tillét mangfald i skriftbileta.